Sporing og merking

Beskriving

Denne filmen viser korleis sporing kan brukast til å følgje eit produkt frå råvare og fram til forbrukar og frå forbrukar og tilbake til råvareopphavet. Vidare viser filmen korleis informasjonen og utsjånaden på ein pakning kan vere med og påverke forbrukaren sitt val i ein kjøpssituasjon, og korleis vi som forbrukarar krev og treng informasjon gjennom merkinga på ferdig emballerte varer.

Spørsmål

1 Kva er forskjellen på merkinga «Best før 15.01.16» og «Siste forbruksdag 15.01.16»?

2 Kvifor er det viktig å merkje matvarer?

3 Kvifor er det så viktig med sporing?

4 Kva synest du er god og dårleg marknadsføring av matvarer? Gi døme.

Fordjupingsoppgåve

Vel ut eit produkt du har produsert og:

- beskriv eigenskapane til produktet
- vurder produktet ut frå krava og behova til forbrukarane
- vel emballasjeløysing eigna for sal
- lag nødvendig merking til produktet
- planlegg korleis du vil marknadsføre produktet
- beskriv korleis du vil presentere produktet for sal